
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: onsdag 24. april 2019 10:38
Til: 'Trond Atle Nesse'
Emne: SV: referanse 19/338 - 19/10777

Hei.

Tinglyst vegrett er tilstrekkeleg dokumentasjon og kopi sendast kommunen, jf. pkt. 8 i skriv frå kommunen datert 02.04.2019.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Trond Atle Nesse [<mailto:ta@jk-arkitektur.no>]
Sendt: onsdag 24. april 2019 10:35
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: SV: referanse 19/338 - 19/10777

Takk for tilbakemelding.

Ref. pkt 8. Ifølge byggherre har han tinglyst vegrett over 10/4 for tilkomst til tomt. Må det likevel naboerklæring til?

Mvh.

Trond Atle Næsse

jk.arkitektur as

Torgbakken 7, PB 125
5401 STORD
Tlf.: 53 41 18 78
Mob.: 93 49 74 71
e-mail: jk@jk-arkitektur.no

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl <tone.furustol@lindas.kommune.no>
Sendt: onsdag 24. april 2019 10:18
Til: Trond Atle Nesse <ta@jk-arkitektur.no>
Emne: SV: referanse 19/338 - 19/10777

Hei.

Vi viser til dykkar e-post av 23.04.2019 samt til vårt skriv av 02.04.2019.

Statens Vegvesen har 4 veker til å kome med uttale frå oversendinga , dvs. 02.04.2019-30.04.2019. Det er ikkje kome uttale på noverande tidspunkt. Korleis ein søkjar dispensasjon til Statens Vegvesen,

tas direkte med dei. Vi vil råde dykk til å snarleg ta kontakt med dei med tanke på vår frist for tilleggsdokumentasjon.

Det er eigar av anlegget som søkjar utsleppsløyve med bistand av røyrleggjarfirma. Eigar signerer på søknaden om utsleppsløyve.

Kommunen ønskjer i utgangspunktet at all tilleggsdokumentasjon vert sendt inn samla frå ansvarleg søkjar. Dokumentasjon til søknad om utsleppsløyve, herunder nabovarsel, kan sendast inn av røyrleggjarfirma direkte til kommunen med henvisning til sak og gards- og bruksnummer. Det er ansvarleg søkjar som er kommunen sin kontaktperson ved eventuelle manglar og som har det overordna ansvaret for at søknaden er komplett. Oppdatert gjennomføringsplan samt erklæring av ansvarsrett sendast inn av ansvarleg søkjar.

Dersom fristen den 28.05.2019 for tilleggsdokumentasjon ikkje vert overheldt, må det sendast inn ein skriftleg førespurnad om ny frist med grunngjeving. E-post er tilstrekkeleg. Vi gjer dykk merksam på at fristen i mai er absolutt med tanke på eventuell handsaming av saka i Plan- og miljøutvalet den 19. juni. Neste møte er 18. september 2019.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Fra: Trond Atle Nesse [<mailto:ta@jk-arkitektur.no>]
Sendt: tirsdag 23. april 2019 11:54
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: referanse 19/338 - 19/10777

Hei,

Nokre spørsmål om vår søknad 10/25 Rødland

i brev av 02.04.19.

Pkt. 4 Det må dokumenterast eller søkjast om dispensasjon frå byggegrense mot offentleg veg, FV. 394 Rødland, jf. KPA pkt. 1.6. Søknad sendast kommunen. I høyringsbrevet av 01.04.19 har kommunen bedt om veiledande førehandsuttale frå Statens Vegvesen.

- Har vegvesenet kome med uttale her?
- Reknar med søknad om dette er tekstlig form og ikkje i eige skjema?

Pkt. 5 Det er ikkje dokumentert eller søkt om å etablere ny avkøyrsløype frå fylkesvegen eller avkøyrsløype. Søknad sendast Statens Vegvesen. I høyringsbrevet av 01.04.19 har kommunen bedt om førehandsuttale frå Statens Vegvesen.

- Har vegvesenet kome med uttale her?

Me arbeider med å få på plass røyrleggjar som kan handtera PRO for røyrleggjararbeid. Er det greitt at røyrleggjar då søker om utsleppsløyve samt plassering og type og ikkje oss? Og at nytt nabovarsel om dette blir handtert at dei? Me oppdaterer då gjennomføringsplan med valt firma.?

Er det då vidare greitt at dokumentasjon som gjeld utsleppsløyve og naboavtaler rundt dette etc. blir sendt inn uavhengig av dei andre punkta me må få på plass?

Mogleg at søknad om utsleppsløyve ikkje er klart til dykkar frist 28.05. Reknar med denne i såfall blir utvida?

Mvh.

Trond Atle Næsse

jk.arkitektur as

Torgbakken 7, PB 125

5401 STORD

Tlf.: 53 41 18 78

Mob.: 93 49 74 71

e-mail: jk@jk-arkitektur.no